

Alver kommune
v/Laila Bjørge

Søknad om masseutskifting

Eg viser til søknad om masseutskifting frå 18.10.2020 på gardsnummer 445 bruksnummer 32 på Manger.

Eg har fått tilbod om jordmassar i bytte mot uttak av stein til hustomtar som ligg tett opptil mitt beite. Dette vil gjera beitet meir lettdrive, med tanke på gjødsling og beitepussing.

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor område som er aktuelt for masseutskifting. Det vert nivåendring på mindre enn 3 meter, og masseutskiftinga vil også halda seg under 1 dekar i omfang.

Totalt har dei estimert behov for 8-900 m³ stein, og køyredistansen mellom dei aktuelle tomatane og område for uttaket er innafor 500 m.
(Sjå vedlagt kart som også viser staden der eg kan tenkja meg masseutskiftinga).

Eg håpar på snarleg svar då arbeidet med tomtene er klart for oppstart.

Skulle det vera trong for meir informasjon er det berre å ta kontakt.

Manger 19.11.20

Eirik Smith
Tlf 97007255